

**KONTROLLUTVALET**

**i**

**VESTLAND FYLKESKOMMUNE**

**ÅRSMELDING 2024**



**Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune saman med sekretariatet og Vest-Norges Brusselkontor på besøk hos den europeiske revisjonsretten i Luxembourg 23.10.2024**

**Foto: Daniela-Maria Barbutu**

# Innhold

KONTROLLUTVALET .....	1
1. Om kontrollutvalet: .....	3
2. Fakta om verksemda i 2024 .....	3
3. Måla til kontrollutvalet.....	4
4. Opplæring av kontrollutvalet .....	4
5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS.....	4
6. Sekretariat for kontrollutvalet.....	5
7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) .....	5
9. Den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune.....	6
10. Fylkeskommunal økonomisk berekraft.....	6
11. Rekneskapsrevisjonen .....	7
12. Forvaltningsrevisjonar i 2024 .....	7
12.1. Plan for forvaltningsrevisjon .....	7
12.2. Beredskapsordninga .....	9
12.3. Fagopplæring og lærlingeordninga .....	10
12.4. Anskaffingar og kontraktsoppfølging .....	11
12.5. Ressursplanlegging, økonomistyring og refusjonsordningar i Skyss .....	12
12.6. Oppfølgingsrevisjon tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune.....	12
12.7. Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging.....	13
12. Eigarskapskontrollar i 2024.....	13
12.1. Plan for eigarskapskontroll .....	13
12.2. Overordna eigarskapsforvaltning .....	14
12.3. Eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivselskap.....	15
13. Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar og eigarskapskontrollar.....	15
13.1. Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular .....	16
13.2. Informasjonstryggleik .....	16
13.3. Tannhelse .....	17
13.4. Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar.....	19
13.5. Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene .....	20
13.6. Styring og kontroll med investeringsprosjekt .....	21
13.7. Fylkesvegforvaltninga .....	22
13.8. Kvalitet i opplæringa.....	23
13.9. Satsing på digitalisering.....	23
14. Andre saker.....	25
14.1. Tilpassing til ny personvernlov.....	25
14.2. Etikk og misleg framferd.....	25
14.3. Habilitet i sakshandsaming og utgreiingsarbeid i Vestland fylkeskommune.....	25
14.4. Avvik, økonomi, habilitet og rolleavklaringsar i arkivordninga .....	25
14.5. Oppfølging av tilsynsrapport retten til spesialundervisning.....	26
14.6. Oppfølging etter forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2023.....	27
14.7. Skulebas – Risikovurdering av forhold knytt til organisering, planlegging, bygging, drift og ombygging.....	27
14.9. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2024.....	29

# 1. Om kontrollutvalet:

## Lovgrunnlag

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 (kommunelova) § 23-1, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval som skal utføre kontroll på deira vegne.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 17.06.2019, «Forskrift om kontrollutvalg og revisjon».

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

## Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegner av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ein forsvarleg revisjon. Vestland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sin kontroll vert gjort m.a. ved at:

- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ein forsvarleg revisjon
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmingar og vedtak
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling frå utvalet
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- vedtak som fylkestinget har gjort ved behandlinga av revisjonsrapportar, vert følgd opp
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om

## For valperioden 2023– 2027 er kontrollutvalet sett saman slik:

- Dan Femoen (H), leiar
- Arne Jæger (Ap), nestleiar
- Camilla Elen Berg Larsen (V), medlem
- Ann Jorun Hillersøy (INP), medlem
- Knut Inge Andersen (PP), medlem
- Iiril Schau Johansen (H), medlem
- Hogne Bleie (FRP), medlem

Dan Femoen (H), Arne Jæger (Ap) og Ann Jorun Hillersøy (INP) har sete i fylkestinget.

Vararepresentanter som har møtt i 2024 er Solfrid Rong (KrF, 1. vara for V), Fredrik Litleskare (1. vara for H) og Johannes Banggren (4. vara for H).

## 2. Fakta om verksemda i 2024

- Kontrollutvalet hadde 8 ordinære møter
- Kontrollutvalet har behandla 108 politiske saker og 45 referatsaker<sup>1</sup>
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med forslag til vedtak/innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreiingar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum

---

<sup>1</sup> Sekretariatet gjorde i løpet av året om på korleis referatsaker vart lagt fram for kontrollutvalet, der sakene fram til og med september blei lagt fram ei-og-ei, blei dei frå og med oktober lagt fram som samsaker. 45 saker er talet saker til og med september pluss talet vedlegg i samsakene frå oktober, november og desember.

- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om, og fylkesdirektøren har møtt til orienteringar og for å svare på spørsmål til alle møta i 2024

### 3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at saksbehandlinga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutinane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å bidra til at dei fylkeskommunale midlane vert nytta optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

### 4. Opplæring av kontrollutvalet

10. og 11. januar deltok kontrollutvalet sine medlemmer på folkevaldopplæring på Solstrand for medlemmar i dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet. Kurset blei arrangert av sekretariata for kontrollutvala i Vestland og Rogaland. Kjernen i opplæringa var kontrollutvalsboka, og innleggshaldarar var i hovudsak frå sekretariata for kontrollutvala og partnerar i Deloitte.

«NKRF – kontroll og revisjon i kommunene» arrangerte sin årlege kontrollutvalskonferanse i tidsrommet 31.1 – 1.2.2024. Eitt av medlemmane i kontrollutvalet deltok på denne konferansen.

Konkurransetilsynet har i møte 11. mars orientert om anskaffelsesregelverket.

I forkant av møte i kontrollutvalet 11. juni i Måløy fekk kontrollutvalet orientering og omvising på Fagskulen i Måløy, Måløy vgs, MS «Skulebas», og Måløy Vekst (inkl. orientering om Måløy Adventure). I etterkant av møtet fekk kontrollutvalet ei orientering om Kinn kommune ved ordførar og kommunedirektør.

I samband med kontrollutvalet sitt møte 02. september holdt Deloitte AS kurs i klimarisiko og klimabudsjett. På kurset deltok tilsette i administrasjonen. Kostnaden til dette kurset ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen.

20. til 23. oktober hadde kontrollutvalet studietur til Brussel og Luxembourg, der utvalet fekk orienteringar på Norway House frå Vest-Norges Brusselkontor og Noreg sin delegasjon til EU, omvising i Europaparlamentet, orienteringar på EFTA House om EØS-avtalen og ESA, møte i og orientering om EU sitt kontor for bedrageribekjempelse (OLAF), møte i og orientering om den europeiske revisjonsretten og møte med det svenske kollegiemedlemmet, og møte i og orientering om EFTA-domstolen og møte med den norske dommararen.

Sjå også kap. 7 om FKT.

### 5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fellesnemnda vedtok 17.09.2020 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020 til og med 30. juni 2024.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i møte 15.06.2023:

1. Vestland fylkesting gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse om val av revisor for Vestland fylkeskommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert vald ut frå konkurransen, er revisor f.o.m. 01.07.2024.
2. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
  - *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument*
  - *Knytte til seg naudsynt hjelp, men ikkje frå selskap som kan levere tilbod i anbodskonkurransen.*

- *Vurdere mottekne tilbod og innstilla overfor fylkestinget på val av revisor.*
3. Fylkestinget ber om at revisjonen vert delt i to anbod, eit for regnskapsrevisjon og eit for forvaltningsrevisjon.

På bakgrunn av dette vart det kunngjort 2 konkurransar i september 2023 med frist for levering av tilbod til 20.11.2023. Det blei lagt fram sak om val av revisor i første møte i kontrollutvalet i 2024 og fylkestinget i mars 2024. På bakgrunn av innstillinga frå kontrollutvalet, valde fylkestinget Deloitte AS som revisor både for rekneskapsrevisjon og for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i møte 19.03.2024:

1. Fylkestinget i Vestland fylkeskommune velger Deloitte AS som rekneskapsrevisor frå 01.07.2024 – 30.06.2028.
2. Fylkestinget i Vestland fylkeskommune velger Deloitte AS som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester frå 01.07.2024 – 30.06.2028.

Oppdragsansvarleg revisor i 2024 fram til ny avtale, og for rekneskapsrevisjonen etter ny avtale, har vore partner Unni-Renate Moe. Ho har levert eigenvurdering vedrørande at Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune. Oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjonen, eigarskapskontrollen og andre timebaserte tenester har vore Birte Bjørkelo. I tillegg til uavhengighetserklæringa orienterer Deloitte kontrollutvalet laupande om vurderingar av eigen uavhengigheit gjennom prosjektplanane ved nye bestillingar.

## **6. Sekretariat for kontrollutvalet**

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet er administrasjon for kontrollutvalet. Det skal m.a. sjå til at dei saker som vert behandla i utvalet er forsvarleg utgreidd og dei gjer forslag til vedtak i saker til kontrollutvalet.

Sekretariatet har løyve til å selje tenester til andre kommunar i fylket. Dette har resultert i at sekretariatet i 2024 også leverte sekretærtjenester til kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune og i kommunane Askøy, Austevoll, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden.

Seniorrådgjevar Roald Breistein gjekk av med pensjon i juni, ny seniorrådgjevar, Stian Skår Ludvigsen, starta i mars. Sekretariatet disponerte pr. 31.12.2024 i alt fem tilsette med til saman 4,8 årsverk.

## **7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlemmer i FKT.

FKT arrangerte i 2024 mellom anna kontrollutvalsleiaraskulen – del 2, 05. – 06.02.2024, der nestleiar i utvalet deltok.

FKT sin årlege fagkonferanse vart halde i tidsrommet 04. – 05.06.2024. Årsmøtet vart gjennomført første dag. Sekretariatet stilte med fire deltakar på denne konferansen.

01.11.2024 holdt FKT webinar for kontrollutvalg. Sekretariatet har ikkje registrert deltaking frå kontrollutvalet her.

Kontrollutvalet har også fått diverse informasjon frå FKT presentert som referatsaker i kontrollutvalsmøta i løpet av året, og sekretariatet har delteke på eiga konferanse for sekretariata.

## 9. Den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla i møte 13.05.2024 årsrekneskapen for 2023 for Vestland fylkeskommune, der kontrollutvalet tilrådde fylkestinget å godkjenne årsrekneskap og årsmelding slik det låg føre, men hadde likevel nokre merknader:

Kontrollutvalet vil gjere fylkestinget merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 5,05 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU og fylkeskommunen sitt eige måltal er minst 4 %
- Gjeldsgrad er berekna til 94,72 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%. Vestland fylkeskommune sitt eige måltal er at langsiktig gjeld skal vere under 115 % av driftsinntektene.
- Gjeldsbelastning er berekna til 8,40 % av driftsinntektene. Fylkeskommunen sitt eige måltal er på maksimum 5%.
- Disposisjonsfond er berekna til 12,16 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%. Fylkeskommunen sitt eige måltal er på 10 %.
- Likviditetsgrad 1 for Vestland fylkeskommune var i 2023 på 1,8 mot 1,9 i 2022. Dette har vore nedadgåande sidan 2020. Ei allmenn norm for likviditetsgrad 1 er omløpsmidlar delt på kortsiktig gjeld. Dette talet bør vere minst 2.

Vidare hadde kontrollutvalet merknad til at gjeldsgraden har utvikla seg negativt siste året frå 88,58 % i 2022 til 94,72 % i 2023, samt viste til ei rekkje forbetningspunkt frå revisjonsrapport nr. 8 for 2023 frå Deloitte AS. Kontrollutvalet oppsummerte uttalen sin slik:

- Det vert tilrådd at Vestland fylkeskommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 8 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS
- Dei ikkje-økonomiske krava i koml § 14-7 c- f og koml. § 25-2 er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap og årsmelding 2023, med dei endringar som kom fram i møtet.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 8 for 2023 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at fylkesdirektøren kjem i møte i september 2024 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Fylkesdirektør orienterte om kva som er gjort i høve forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 8 for 2023 frå Deloitte i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 02.09.2024, der det vart vedteke å be fylkesdirektør kome tilbake til kontrollutvalet i desember 2024 for å gi ny status på oppfølginga. Fylkesdirektør orienterte deretter kontrollutvalet i møte 16.12.2024, der det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og lukkar saka.

## 10. Fylkeskommunal økonomisk berekraft

Med bakgrunn i kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 23-2 har fylkesdirektør sidan februar 2022 gjeve årlege orienteringar om status på kommunal økonomisk berekraft i Vestland fylkeskommune, sist i møte 12.02.2024, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tek orienteringa frå fylkesdirektør om status på vedlikehaldsetterslep så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ser med uro på at vedlikehaldsetterslepet for bygningar har auka det siste året.
3. Kontrollutvalet ser og med sterk uro på at det no er kome fram nye tal som viser at vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane er kome opp i om lag 18 mrd kr.

4. Kontrollutvalet ber fylkesdirektøren om å sende ny skriftleg status på vedlikehaldsetterslepp i Vestland fylkeskommune til det første møte i utvalet i 2025, med frist for levering til sekretariatet til 20.01.2025.
5. Sidan vedlikehaldsettersleppet for fylkesvegane viser seg å vera så høge som dei er vil kontrollutvalet orientere fylkestinget om dette ved å sende denne saka som referatsak til tingsete i mars 2024.

## 11. Rekneskapsrevisjonen

Deloitte orienterte kontrollutvalet gjennom heile året om status når det gjeld rekneskapsrevisjonen.

Deira plan for rekneskapsrevisjon for 2024 vart presentert for utvalet i møte 02.09.2024. Vidare orienterte Deloitte kontrollutvalet om den utførte risiko- og vesentlegvurderinga om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2024 i same møte.

Dei presenterte den gjennomførte interimrevisjonen for 2024 for kontrollutvalet i møte 16.12.2024. Deloitte har i samband med interimrevisjonen gjort særskilde vurderingar av rutinar innan delar av internkontrollen i fylkeskommunen.

På bakgrunn av interimrevisjonsrapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

Kontrollutvalet tek interimrevisjonsrapport 2024 frå Deloitte AS til orientering.

## 12. Forvaltningsrevisjonar i 2024

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at:*

*c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»*

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

*«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»*

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i saksbehandlinga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som fylkeskommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei forvaltningsrevisjonane som kontrollutvalet har behandla i 2024.

### 12.1. Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Kontrollutvalet gjennomførte i 2024, med god bistand frå Deloitte, ei slik risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen si verksemd og av verksemda i fylkeskommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette arbeidet vart det utarbeid ein plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 som vart vedteke i fylkestinget 18.06.2024. Kontrollutvalet fekk m.a. slike fullmakter frå fylkestinget:

3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa

Av den vedtekte planen går det fram desse prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekta:

1. Oppfølging av forvaltningsrevisjon av tannhelsetenesta
2. Ressursplanlegging, økonomistyring og oppfølging av refusjonsordningar i Skyss
3. Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging
4. Fråfall i vidaregåande opplæring
5. Styring av investeringsprosjekt
6. Universell utforming i kollektivtilbodet
7. Fylkeskommunen som pådrivar i klimaomstilling
8. Vedlikehald av fylkesvegar
9. Styring av investeringsprosjekt
10. IKT-tryggleik og beredskap
11. Arkiv og offentlegheit
12. Fagopplæring og lærlingeordninga
13. Anskaffingar og kontraktsoppfølging

Fram til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 vart vedteken, følgde kontrollutvalet rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024. Dei prioriterte prosjekta i den rullerte planen var som følgjer:

1. Beredskapsordninga
2. Anskaffingar og kontraktsoppfølging
3. Fagopplæring og lærlingeordninga
4. Internkontroll og etikk
5. Fagskulen
6. Bruk av sak- og arkivsystem
7. Økonomistyring og budsjettering
8. Klima, miljø og berekraft

Revisjonsrapport for prosjekt 1 «Beredskapsordninga» vart behandla i kontrollutvalet 11.12.2023 og handsama i fylkestinget i mars 2024. Vidare bestilte kontrollutvalet i same møte gjennomføring av forvaltningsrevisjon for prosjekt 2 «Anskaffingar og kontraktsoppfølging» og prosjekt 3 «Fagopplæring og lærlingeordninga». Revisjonsrapport for prosjekt 3 vart behandla i kontrollutvalet 11.11.2024 og handsama i fylkestinget i desember 2024. Revisjonsrapport for prosjekt 2 har vore utsett fleire gonger, men skal etter planen til fylkestinget i mars 2025.

Frå plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028, har kontrollutvalet i møte 07.10.2024 behandla prosjektplanar for prosjekt 1 oppfølgingsrevisjon av tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune, og prosjekt 2 forvaltningsrevisjon innan ressursplanlegging, økonomistyring og refusjonsordningar i Skyss.

Kontrollutvalet valte å setje i gang revisjon på prosjekt 2, men valte å ikkje bestille revisjon på prosjekt 1, og i staden be om å få til orientering tiltaksplan etter temaplan for Vestland tannhelseteneste når denne er klar. Kontrollutvalet bad i tillegg sekretariatet og revisor sjå til at temaplanen for tannhelsetenesta og tilhøyrande tiltaksplanar blir lagt til kunnskapsgrunnlaget når plan for forvaltningsrevisjon skal reviderast, slik at kontrollutvalet kan vurdere om det på eit seinare tidspunkt er aktuelt å starte opp oppfølgingsrevisjonen av tannhelsetenesta.

Kontrollutvalet bestilte prosjektplan på prosjekt 3 «Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging» i møte 16.12.2024.

Utanom planen bestilte kontrollutvalet forundersøking, risikovurdering og forslag til prosjektplan for undersøking/gransking av forhold knytt til organisering, planlegging, bygging, drift og ombygging av MS Skulebas. Bestillinga kom i møte 07.10.2024. Kontrollutvalet fekk risikovurderinga til handsaming i møte 16.12.2024, med tilråding frå revisor om å ikkje gå vidare med prosjektet, men kontrollutvalet

valte å be revisor inkludere fleire interessentar og innhente uttale frå fylkesdirektør før det får rapporten til ny handsaming i 2025.

## 12.2. Beredskapsordninga

Kontrollutvalet bestilte i møte 13.02.2023 forvaltningsrevisjon av «Beredskapsordninga i Vestland fylkeskommune» frå Deloitte. Revisjonsrapport vart behandla i kontrollutvalet 11.12.2023, og i fylkestinget 19.03.2024, der det vart gjort slikt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet:<sup>2</sup>

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan beredskapsordninga i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for:

- 1) Knytt til overordna beredskap sette i verk følgjande tiltak:
  - a) Etablere eit heilskapleg styringsdokument som gjer greie for ansvar og roller knytt til beredskapsarbeid i fylkeskommunen, og som blir jamleg revidert.
  - b) Sikre at overordna ROS-analyse og overordna beredskapsplan blir oppdatert etter behov og i samsvar med krav som er fastsett internt i fylkeskommunen, og at tiltaksplanar blir følgt opp som føreset. Systematiserer arbeidet med øvingar gjennom i større grad å definere kor ofte det skal øvast, og kven som har ansvar for å følgje opp at fylkeskommunen gjennomfører tilstrekkeleg med øvingar.
  - c) Etablere system som sikrar at leiarar og tilsette får tilstrekkeleg opplæring i fylkeskommunen sitt overordna beredskapsplanverk.
  - d) Etablere tydelegare føringar for kva tid ulike aktivitetar knytt til overordna beredskap bør eller skal gjennomførast, til dømes i form av eit årshjul.
  - e) Gjere ei konkret vurdering av risikoane knytt til oppfølging av beredskapsarbeidet, og om desse tilseier at det er behov for å iverksette ytterlegare tiltak.
  - f) Vestland fylkeskommune vurderer å introdusere ein modul «situasjonsforståelse» i beredskapsplanene i tett dialog med Nasjonal sikkerhetsmyndighet NSM.
- 2) Knytt til cyber-beredskap sette i verk følgjande tiltak:
  - a) Utarbeide ein «Business Impact Analysis» for heile verksemda.
  - b) Gjennomføre ein ny ROS-analyse for saks- og arkivsystemet i samråd med leverandøren.
  - c) Implementere ein IKT-sikkerheitskultur som aksepterer bruk av to-faktor autentisering på saks- og arkivsystemet.
  - d) Utarbeide fullstendig planverk for handtering av IKT-hendingar, fortrinnsvis med designerte tiltakskort/playbooks.
  - e) Gjennomføre jamlege revisjonar av leverandøren av saks- og arkivsystemet for å få naudsynt innsikt i sikkerheita til systemet.
  - f) Utarbeide systemspesifikke planar for å sikre fylkeskommunen si evne til å oppretthalde verksemda med bakgrunn i en Business Impact Analysis.
  - g) Sikre at informasjon om ressursar som skal inngå i handteringa av hendinga er oppdatert og kjend i organisasjonen.
  - h) Sikre jamleg trening og øving av beredskapsplanverket for IKT-hendingar, og at desse inkluderer trening og øving saman med leverandøren av saks- og arkivsystemet.
- 3) Knytt til beredskap for livstruande hendingar i dei vidaregåande skulane sette i verk følgjande tiltak:
  - a) Sikre at malen for beredskapsplan for dei vidaregåande skulane er utarbeidd i samsvar med føringar i fylkeskommunen sin overordna beredskapsplan.
  - b) Sikre at dei vidaregåande skulane utarbeider lokale beredskapsplanar som er i tråd med føringar i fylkeskommunen sin overordna beredskapsplan.
  - c) Sikre at kvar skule har ein plan for korleis ein situasjon med åtak på elevar og tilsette skal handterast, som inkluderer:
    - i) Korleis elevar og tilsette skal bli varsla
    - ii) Korleis skulen skal evakuerast eller barrikaderast
  - d) Sikre at informasjon, rettleiing og opplæring knytt til beredskapsarbeid blir tilstrekkeleg kjent i organisasjonen. Dette gjeld:

---

<sup>2</sup> Vedtaks punkt 1f) var ikkje med i kontrollutvalet si innstilling, men kom inn etter samrøystes vedtak i fylkestinget.

- i) korleis PLIVO-hendingar skal og kan handterast på skulane
  - ii) korleis beredskapsplanar kan tilpassast til lokale forhold
  - iii) korleis skulane kan øve på PLIVO-hendingar
  - iv) viktigheita av å øve på PLIVO-hendingar
  - v) Sette i verk tiltak som kan sikre at skulebygg får ei utforming som støttar ei best mogleg handtering av ei eventuell hending med pågåande livstruande vald.
- 4) Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 27.05.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i tråd med fylkestinget sitt vedtak punkt 4) i møte 11.06.2024, der det blei gjort slikt samrøystes vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek handlingsplanen til orientering, og merkar seg positivt den store mengda med tiltak som er under arbeid kort tid etter vedtak i fylkestinget.
- 2) Kontrollutvalet merkar seg at det er vakansar i kritiske stillingar, og er tilfreds med at planlagd framdrift ikkje ser ut til å li av dette.
- 3) Kontrollutvalet ber om ei skriftleg og munnleg orientering på status på oppfølging av punkta i handlingsplanen til kontrollutvalet sitt møte 11.11.2024, spesielt med vekt på status på dei tiltak som har forventa fullføringstidspunkt i september, og status på framdrift på dei andre punkta.
- 4) Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.10.2024.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen på nytt i møte 11.11.2024, der det blei gjort slikt samrøystes vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek handlingsplanen til orientering, og merkar seg positivt at oppfølginga av forvaltningsrevisjonen i all hovudsak er i rute.
- 2) Kontrollutvalet merkar seg at det er behov for utsett frist på fire av tiltaka. Kontrollutvalet vurderer at desse utsettingane framleis er innanfor den samla tidsramma på handlingsplanen og har ingen innvendingar mot dette.
- 3) Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering med status på oppfølging av punkta i handlingsplanen til kontrollutvalet sitt møte 12.05.2025.
- 4) Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 22.04.2025.

### 12.3. Fagopplæring og lærlingeordninga

Kontrollutvalet bestilte i møte 12.02.2024 forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingeordninga frå Deloitte. Revisjonsrapport vart behandla i kontrollutvalet 11.11.2024, og i fylkestinget 12.12.2024, der det vart gjort slikt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet:<sup>3</sup>

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingeordninga i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

- 1) Sikra at ansvars- og rolledelinga internt i fylkeskommunen knytt til fagopplæring og lærlingeordninga blir kommunisert tydeleg ut til relevante samarbeidspartar.
- 2) Sørgja for at det blir etablert ein fast struktur for kvalitetsdialogen med opplæringskontor/samarbeidsorgan, slik at ein sikrar systematikk og føreseielegheit i desse prosessane.
- 3) Sikra at rutinen for godkjenning av lærebedrifter tydeleggjer ansvar og roller i godkjenningsprosessen, under dette sikrar at krav i opplæringslova blir ivareteke når det gjeld yrkesopplæringsnemnda si rolle.

---

<sup>3</sup> Vedtakspunkt 7, andre punktum, var ikkje med i kontrollutvalet si innstilling, men kom inn etter samrøystes vedtak i fylkestinget.

- 4) Sikra at informasjon og rutinar som er relevante for fagopplæring og lærlingordninga snarast blir oppdaterte i samsvar med ny opplæringslov (til dømes rutinar for godkjenning av opplæringskontor og informasjon om individuell tilrettelegging).
- 5) Vurdera å iverksette tiltak for auka systematisering av arbeidet med å ivareta retten til rådgjeving generelt og å sikre relevant rådgjeving og informasjon til dei som skal ut i lære spesielt, slik at ein reduserer risikoen for at elevar ikkje får det tilbodet om rådgjeving og informasjon som dei treng.
- 6) Vurdera å etablere ytterlegare system for å leggje til rette for erfaringsdeling og læring på tvers av skulane når det gjeld arbeidet med elevar som har utfordringar med å få lære plass.
- 7) Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 17.02.2025 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Fylkestinget ber også om at handlingsplanen vert lagt fram for Hovudutval for opplæring og kompetanse som ei referatsak.

## 12.4. Anskaffingar og kontraktsoppfølging

Kontrollutvalet fekk lagt føre seg forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging i sak 17/24 i møte 11.03.2024, og bestilte revisjonsrapport klar frå Deloitte si side innan 21.10.2024, ferdig verifisert og med fylkesdirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd..

Føremålet med prosjektet er å undersøke om Vestland fylkeskommune har ei føremålstenleg organisering av arbeidet med anskaffingar og kontraktsoppfølging, om system og rutinar er i samsvar med krav i regelverket og om regelverket blir etterlevd i anskaffingsprosessar og kontraktsoppfølginga.

Med utgangspunkt i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som blir undersøkt:

1. I kva grad har Vestland fylkeskommune etablert ein føremålstenleg innkjøpsstrategi?
2. I kva grad er organiseringa av anskaffingar og kontraktsoppfølging i fylkeskommunen føremålstenleg? Under dette:
  - a. I kva grad er det etablert tydeleg fullmactsstruktur og ei klar fordeling av rallar og ansvar knytt til anskaffingar og kontraktsoppfølging?
  - b. I kva grad har tilsette som er involvert i anskaffingar og kontraktsoppfølging tilstrekkeleg kompetanse, og i kva grad er det etablert rutinar for opplæring for dei involverte tilsette?
3. Er det etablert tilstrekkeleg system og rutinar for anskaffingar i fylkeskommunen som sikrar at desse skjer i samsvar med krav i regelverket?
  - a. Er det etablert tilstrekkeleg system og rutinar for å sikre at anskaffingar skjer i samsvar med krav i regelverket?
  - b. Er det utarbeidd retningslinjer og rutinar for etablering av tilfredsstillande kvalifikasjons- og tildelingskriterier (inkludert vektning av klima- og miljøomsyn)?
4. I kva grad har fylkeskommunen etablert føremålstenleg rutinar for kontraktsoppfølging? Under dette:
  - a. kva grad er det etablert rutinar for å sikre at avrop blir gjort i samsvar med inngåtte avtalar/kontraktar (lojalitet)?
  - b. Kva system og rutinar er etablert for å følgje opp inngåtte kontraktar (inkludert ilegging av sanksjonar ved avvik)?
  - c. Er det etablert rutinar for å gjennomføre risikobaserte kontrollar av kontraktsportefølja?
5. I kva grad blir reglar for offentlege anskaffingar etterlevd i fylkeskommunen sine anskaffingar?
  - a. I kva grad blir utvalde anskaffingar konkurranseeksponert og dokumentert i samsvar med regelverket?
  - b. Er avrop på rammeavtaler gjennomført i samsvar med avtalane?
  - c. I kva grad blir leverandørar følgt opp når det gjeld leveranse, pris og andre parameter (samt ev. sanksjonar ved avvik) som er relevante i den enkelte kontrakt?

På grunn av tilleggskontrollar, sjukemeldingar og anna, har prosjektet ikkje blitt ferdig innan nyttår 2025. Sekretariatet legg opp til at revisjonsrapporten skal handsamast i kontrollutvalet 03.03.2025, og meldast opp til handsaming i fylkestinget same månad.

## 12.5. Ressursplanlegging, økonomistyring og refusjonsordningar i Skyss

Kontrollutvalet fekk lagt føre seg forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging i sak 72/24 i møte 07.10.2024, og bestilte revisjonsrapport klar frå Deloitte si side innan 27.05.2025, ferdig verifisert og med fylkesdirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Føremålet med prosjektet er å undersøke om Skyss lukkast med realistisk budsjettering av egne tenester og oppgåver, sikre budsjetterte inntekter og redusere kostnadsoverskridingar. Vidare vil vi undersøke kva rotårsaker som ligg til grunn for avvik mellom budsjett og rekneskap. Vidare er det eit føremål å undersøke om Skyss har sikra tilstrekkeleg med økonomiske analysar, internkontroll, kapasitet og kompetanse for å adressere årsaker til avvik, under dette sikre at avvik som oppstår blir tilstrekkeleg handtert og at avvika ikkje gjentek seg frå år til år.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som blir undersøkt:

1. I kva grad har Skyss i perioden 2020-2024 sikra realistisk budsjettering og fullstendige økonomiske prognosar gjennom året, som samsvarar med kostnader?
  - a. I kva grad og ev. på kva område og postar har det i perioden vore avvik mellom budsjett og rekneskap?
  - b. Kva er dei sentrale årsakene som ligg til grunn for ev. avvik mellom budsjett og rekneskap i Skyss i perioden 2020-2024?
- 2) I kva grad har Skyss sørga for tilstrekkeleg styring og kontroll av verksemda når det gjeld å sikre realisme og fullstende i budsjett og prognosar, samt etterleving av vedtekne økonomiske rammer? Under dette:
  - a. Tydeleg og hensiktsmessig fordeling av roller, ansvar og mynde på økonomiområdet?
  - b. Hensiktsmessig strukturering av arbeidsprosessar knytt til økonomi, inkl. utforming av system og rutinar for å sikre at oppgåver blir utført i samsvar med behov. F.eks. for budsjettering, analysar og framskrivningar, økonomistyring, inntektssikring, arbeid med kostnadsreducerande tiltak mv.?
  - c. Tilstrekkeleg med mekanismar og kontrollar for å sikre inntekter (billettinntektar, inntekter frå refusjonsordningar mv.)?
  - d. Analysar av risiko for feil og manglar i berekning av forventa inntekter og forventa utgifter, samt gjennomføring av justeringar i arbeidsprosessar, rutinar, kontrollar mv. der det er identifisert behov for dette?
  - e. Analysar av budsjettmessig usikkerheit og iverksetting av tiltak for å handtere og redusere usikkerheit?
  - f. Analysar av avvik mellom budsjett og rekneskap, som grunnlag for identifisering av årsaker til avvik og iverksetting av tiltak for å forhindre at avvik inntreff igjen?
  - g. Tilgang på tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse?
- 3) I kva grad er det etablert tilstrekkelege rutinar for økonomisk rapportering (både internt i Skyss og til politisk nivå) som grunnlag for god styring og kontroll?
  - a. I kva grad blir det rapportert tilstrekkeleg på økonomisk prestasjon og utvikling i Skyss? Under dette informasjon om budsjett og rekneskap, inkl. avvik og årsaker til avvik, samt foreslåtte korrigerande tiltak.

## 12.6. Oppfølgingsrevisjon tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune

I tråd med plan for forvaltningsrevisjon handsama kontrollutvalet prosjektplan for oppfølgingsrevisjon av tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune i sak 71/24 i møte 07.10.2024. Kontrollutvalet fatta slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller ikkje oppfølgingsrevisjon av tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune.
2. Eventuell oppfølgingsrevisjon av tannhelsetenesta vert utsett.
3. Deloitte fakturerer for medgåtte timar for arbeidet med prosjektplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjon av tannhelsetenesta.
4. Fylkeskommunen har større utgifter med gruppa 21-26-åringar enn kva tildelte midlar for gruppa dekker. Dette gjer at tannhelsetenesta må dekke inn tilbodet for denne gruppa med

midlar som er tiltenkt andre prioriterte grupper. Kontrollutvalet ber om å få tiltaksplanen til orientering når den er klar, samt ei orientering om status på i kva grad ulike grupper får det tilbodet dei treng og er meint å skulle ha, i løpet av våren 2025.

5. Fylkestinget har vedteke temaplan for Vestland tannhelseteneste, og fylkesdirektør har fått i oppdrag å levere tiltaksplan etter handlingsplanen til handsaming i fylkestinget første halvår 2025. Kontrollutvalet ber om at temaplanen og tiltaksplanar blir lagt til kunnskapsgrunnlaget når plan for forvaltningsrevisjon skal reviderast.

## 12.7. Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

I tråd med plan for forvaltningsrevisjon bestilte kontrollutvalet prosjektplan for forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging i sak 102/24 i møte 16.12.2024. Forslag til prosjektplan blir handsama i første møte i 2025.

## 12. Eigarskapskontrollar i 2024

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen sine selskap og fylkeskommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 12 frammanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at:*

*d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»*

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

*«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»*

### 12.1. Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll lyd m.a. slik:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Kontrollutvalet gjennomførte i 2024, med god bistand frå Deloitte, ei slik risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette arbeidet vart det utarbeid ein plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 som vart vedteke i fylkestinget 18.06.2024. Kontrollutvalet fekk m.a. slike fullmakter frå fylkestinget:

3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa

Av den vedtekne planen går det fram desse prioriterte eigarskapskontrollane:

1. Eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivselskap
2. Bybanen AS
3. Beredt AS

I tillegg er det lagt inn tre uprioriterte prosjekt: Eigarskapskontroll av kulturselskap; eigarskapskontroll av selskap innan samfunns- og næringsutvikling; og eigarskapskontroll av Valen Kraftverk AS.

Kontrollutvalet valte i møte 07.10.2024 å setje i gang prosjekt 1 eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivselskap.

## 12.2. Overordna eigarskapsforvaltning

Kontrollutvalet bestilte i møte 13.02.2023 «Overordna eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune» frå Deloitte. Fylkestinget behandla revisjonsrapporten i møte 01.11.23 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

På bakgrunn av gjennomført overordna eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesordførar i samråd med fylkesdirektør syta for å:

1. Etablere system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført:
  - a. risikovurderingar når fylkeskommunen vurderer nye eigarskap.
  - b. risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning
2. Sikre rapportering frå eigarrepresentantar til fylkeskommunen v/juridisk seksjon etter gjennomført eigarmøte, i samsvar med eigne retningslinjer for dette.
3. Utarbeide ein årleg rapport til fylkestinget med oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigardel i (ev. også med status knytt til viktige hendingar, økonomi ol.)
4. Utarbeide retningslinjer for arbeidet i fylkeskommunen si valnemnd, og sikrar at desse retningslinjene mellom anna inneheld:
  - a. prosedyrar rundt val av kandidatar til selskapsstyra, mellom anna med tanke på vurdering av habilitet, ønska kompetanse, kjønnsbalanse mv.
  - b. retningslinjer for at valnemnda skriftleg grunngjev sine forslag til kandidatar til selskapsstyra.
5. Fremje i formelle eigarmøte (generalforsamling/representantskapsmøte) for relevante selskap der fylkeskommunen er eigar at:
  - a. det blir sett krav om bruk av valkomité ved val av styre.
  - b. det ved val av styremedlemmar blir sikra riktig kjønnsbalanse i styra der dette er påkravd etter regelverket.
  - c. det blir gjennomført opplæring i styrearbeid for selskapsstyra.
6. Sikre oppfølging av eigarskap i samsvar med eigne målsettingar og rutinar på området, under dette:
  - a. Utarbeider eigarstrategi for alle selskap som blir vurdert som strategisk viktige for fylkeskommunen, og gjennom dette ei tydeleggjering av eigar(ane) sine krav og forventningar til selskapet
  - b. Etablerer system og rutinar som sikrar at fylkeskommunen innhentar rapportering i samsvar med utarbeidde eigarstrategiar.
7. Tydeleggjere administrasjonen si rolle i arbeidet med eigarskapsforvaltning ovanfor selskapa og dei folkevalde, til dømes gjennom informasjon på fylkeskommunen sine nettsider og eventuelt i eigarskapsmeldinga.
8. Fylkestinget ber også om at fylkesordførar i samråd med fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 22.01.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i tråd med fylkestinget sitt vedtak punkt 8) i møte 12.02.2024, der det blei gjort slikt samrøystes vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tar handlingsplan når det gjeld «Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Vestland fylkeskommune» så langt til orientering.
- 2) Kontrollutvalet ber om at fylkesordførar, i samråd med fylkesdirektør, kjem med ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne eigarskapskontrollen til møte i utvalet 02.09.2024.
- 3) Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 12.08.2024.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen på nytt i møte 02.09.2024, der det blei gjort slikt samrøystes vedtak:

- 1) Kontrollutvalet merker seg som positivt at handlingsplan når det gjeld «Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Vestland fylkeskommune» langt på veg er fullført.
- 2) Kontrollutvalet ber om at fylkesordførar, i samråd med fylkesdirektør, kjem med ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne eigarskapskontrollen til møte i utvalet 10.02.2025. Rapporten bør innehalde ferdigstillingsstatus på alle underpunkta i handlingsplanen.

### **12.3. Eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivselskap**

Kontrollutvalet fekk lagt føre seg forslag til prosjektplan for eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivselskap under Vestland fylkeskommune i sak 73/24 i møte 07.10.2024, og bestilte revisjonsrapport klar frå Deloitte si side innan 27.05.2025, ferdig verifisert og med fylkesdirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som blir undersøkt:

1. Har Vestland fylkeskommune etablert eigarstrategiar med tydelege mål, krav og forventningar til infrastruktur- og kollektivselskapa, og blir desse følgt opp?
2. Har Vestland fylkeskommune følgt opp selskapa i samsvar med etablert rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?
3. Er det etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling i fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa, og fungerer rolle- og ansvarsdelinga tilfredsstillande?
4. Har Vestland fylkeskommune tilstrekkelege rutinar for å halde folkevalde organ jamleg oppdatert om drifta og utviklinga i selskapa?
5. Har Vestland fylkeskommune sikra ei føremålstenleg samansetning av styra i selskapa, og er styreutnemningane i samsvar med fylkeskommunen sine reglar for dette? Under dette, blir det gjennomført systematiske styreevalueringar, og blir evalueringane brukt i arbeidet med rekruttering og opplæring av nye styremedlemmar?

## **13. Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar og eigarskapskontrollar**

Kontrollutvalet har i løpet av 2024 følgt opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve fylkestinget sine vedtak i gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar i tidlegare Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med behandling av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 som lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

### **13.1. Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i februar 2019 frå Deloitte «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular». Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 12.06.2019 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.
4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.

Handlingsplan i tråd med punkt 3 i vedtaket over vart behandla i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25.11.2019. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla ny oppfølging av denne saka ein gong årleg i 2020, 2021, 2022, og 2023, og to gongar i 2024, seinast i møte 02.09.2024.

I møtet 12.02.2024 vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at arbeidet med ny budsjetteringsmodell no er klar til politisk behandling og at den er planlagt iverksett frå skuleåret 2024 – 2025.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektør komme med ny munnleg status for innføring av budsjetteringsmodellen, også for friskular, til møte i kontrollutvalet 02.09. 2024.

I kontrollutvalet sitt møte 02.09.2024 fekk kontrollutvalet orientering om at budsjettmodellen er teken i bruk for tildelinga hausten 2024 for dei offentlege skulane, og at dei private skulane kan inkludrast frå hausten 2025. Kontrollutvalet fatta slikt vedtak:

Kontrollutvalet ber fylkesdirektør gi ei munnleg orientering om status på bruk av budsjettmodellen på dei private skulane, til møte i kontrollutvalet 10.03.2025.

### **13.2. Informasjonstryggleik**

Kontrollutvalet bestilte 11.05.2020 forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å sikre følgjande:

1. at fylkeskommunen sitt styringssystem blir gjort ferdig og implementert i organisasjonen, og som del av dette sikre at:

- a) ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik blir gjort kjend og etterlevd av dei tilsette
  - b) rutinar for informasjonstryggleik blir gjort ferdige, kjende og blir etterlevd av dei tilsette
  - c) det blir gjennomført tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken
2. at ansvar og rutinar for å hindre uautorisert innsyn i konfidensielle opplysningar er utfyllande, tydelege og blir etterlevd, og som del av dette gjer tiltak for at tilsette:
    - a) praktiserer trygg bruk av e-post, t.d. gjennom nettfiskeforsøk
    - b) nyttar sikker sone ved lagring av konfidensielle opplysningar
    - c) krypterer konfidensielle opplysningar som ikkje er lagra i sikker sone
  3. at ansvar og rutinar for å hindre uautorisert tilgang til informasjonssystema er utfyllande, tydelege og blir etterlevd, og som del av dette gjer tiltak for å:
    - a) sikre at tilsette har nødvendige tilgangar
    - b) sikre at tilsette ikkje har tilgangar utan at det er tenestleg behov
  4. at krava i personvernforordninga blir etterlevde, og som del av dette:
    - a) føre protokoll over alle behandlingar av personopplysningar
    - b) signere databehandlaravtalar med alle kommunen sine databehandlarar
    - c) gjennomføre risikovurderingar knytt til behandlingar av personopplysningar
    - d) gjennomføre vurdering av personvernkonsekvensar ved behandlingar av personopplysningar med høg risiko
  5. at systemeigarar og andre med ansvar knytt til informasjonstryggleik og personvern mottek tilstrekkeleg opplæring
  6. at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte
  7. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen to gonger i 2021, ein gong i 2022, to gonger i 2023, og ein gong i 2024. I møte 11.03.2024 vart det gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at fylkesdirektør har gjort mykje godt forbetningsarbeid etter forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Vestland fylkeskommune.
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen, avsluttar saka og ønskjer lukke til vidare i dette arbeidet.

### 13.3. Tannhelse

Kontrollutvalet bestilte 11.05.2020 forvaltningsrevisjon innan tannhelse i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 16.06.2021 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan tannhelse ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å:

1. Inngå samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket, og etablere system som sikrar ei god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar
2. Prioritere å revidere samarbeidsavtalane med barnevern og statlege asylmottak
3. Evaluere om samarbeidsavtalane fungerer som føreset, inkludert evaluere om avtalane er tilstrekkeleg tydeleg for dei partane som skal bruke dei
4. I større grad kunne gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til personar med ruslidingar og eldre, langtidssjuka og uføre i heimepleie
5. Sørgje for at tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (TOO-tilbod) og tilbod til betalande pasientar ikkje går ut over tilbodet til pasientar i prioriterte grupper
6. Vurdere om det er behov for tiltak knytt til at nokre tilsette opplever at dei ikkje har ressursar til å gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet

7. Sørgje for at rutinar for journalrevisjon blir gjort kjent for og følgt av alle tannklinikkane
8. Utarbeide oversikt over kva tilleggskompetanse som finst på tannklinikkane, slik at kompetansen ved behov kan nyttast på tvers
9. Etablere eit system for å halde oversikt over klager innan tannhelsetenesta for å vere kjend med talet på klagar og for å nytte desse i forbetningsarbeid på tvers av tannklinikkane
10. Vurdere om det er behov for retningslinjer og meir informasjon om tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsetatte og personar med sterk angst for tannbehandling (både pasientretta informasjon og retningslinjer til internt bruk)
11. Sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, mellom anna ved å sørgje for at:
  - a. det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet
  - b. tilsette har tilstrekkeleg kompetanse
  - c. tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing
  - d. tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer
12. Sørgje for at det blir utarbeidd realistiske budsjett for tannhelsetenesta, mellom anna ved å:
  - a. utarbeide skriftlege rutinar for budsjettprosessen, som beskriv kva forhold som skal vurderast, kven som skal involverast, kva tidspunkt ulike aktivitetar og oppgåver skal gjennomførast og kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene i prosessen
  - b. identifisere og dokumentere kva tiltak som er nødvendig for å lukke budsjettavviket ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (TkVestland)
  - c. utarbeide realistiske og korrekte budsjett for alle relevante nivå av tannhelsetenesta der alle kjente inntekter, utgifter og kostnadsdrivarar blir vurdert og tatt omsyn til
  - d. innføre kvalitetssikringstiltak av budsjetta
  - e. vurdere om klinikkleiarar bør ha ei større rolle i utarbeiding av budsjett for tannklinikkane
  - f. etablere betre system for økonomirapportering for alle relevante nivå av verksemda som gjer det mogeleg å setje i verk tiltak undervegs i året ved avvik frå budsjett
13. Sørgje for at føring av rekneskapen blir gjort i samsvar med forskrift om føring av adskilde rekneskap, og under dette også:
  - a. Få oversikt over konkurransesituasjonen i dei områda fylkeskommunen tilbyr tenester til betalande pasientar, inkl. vurdere om TkVestland er i konkurranse med private tilbydarar
  - b. Vurdere å gjere fordelinga av inntekter og utgifter for tenester til prioriterte pasientar og betalande pasientar oftare enn berre ved årsslutt, til dømes tertialvis, slik at det undervegs i året er mogeleg å setje i verk tiltak ved risiko for kryssubsidiering
14. Utarbeide rutinar for fakturering av kommunar og NAV.
15. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2021 for punkt 11 og innan 01.10.2021 for øvrige punkt, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen ein gong i 2021, ein gong i 2022, ein gong i 2023, og tre gonger i 2024. Seinast i møte 02.09.2024 der det vart gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at fylkesdirektør har levert ei grundig statusoppdatering på forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan tannhelse, og tek til orientering at fylkesdirektør meldar at dei attståande tiltaka i handlingsplanen er iverksette og integrert i rutiane og det vidare kontinuerlege forbetningsarbeidet for tannhelsetenesta.
2. Kontrollutvalet takkar fylkesdirektør for god oppfølging av revisjon på eit krevjande og omfattande tenestefelt, viser til at det i plan for forvaltningsrevisjon er vedteke

oppfølgingsrevisjon av tannhelsetenesta som prioritert prosjekt nr. 1, og legg med dette til grunn at vidare oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak PS 29/21 av 16.06.2021 skjer gjennom den komande oppfølgingsrevisjonen.

Merk frå kapittel 11.6 at kontrollutvalet i møte 07.10.2024 valte å ikkje bestilte oppfølgingsrevisjonen som vist til i vedtakspunkt 2, men å utsette bestilling av dette til etter revidering av plan for forvaltningsrevisjon.

## 13.4. Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar

Kontrollutvalet vedtok i møte 25.11.2020 å gjennomføre forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 16.12.2021 der vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. Utarbeide ei rutine for jamleg evaluering av tilskotsordningane med omsyn til om dei bidreg til dei føremåla fylkeskommunen har definert. Kva ordningar som blir evaluert bør vere basert på ei risikovurdering.
2. Sikre at vurderingskriterium for tilskotsordningar er tydelege med omsyn til målgruppe for ordningane, kriterium for tildeling og kriterium for korleis støttebeløp blir fastsett.
3. Utarbeide felles rettleiing, rutinar og sjekklister til bruk i tilskotsforvaltning, som blir brukt på tvers av avdelingane i fylkeskommunen, og som bidrar til å sikre at tildeling av tilskot er i samsvar med reglane i forvaltningslova og god forvaltningsskikk.
4. Sikre at tildeling av tilskot blir gjort i samsvar med forvaltningslov og god forvaltningsskikk, under dette mellom anna
  - a. Dersom fylkeskommunen skal halde fram med å tildele driftstilskot til kunst, kultur og idrett som del av budsjettprosessen til fylkestinget og ikkje etter reglane om enkeltvedtak, bør det gjerast ei juridisk vurdering av dette.
  - b. Vurdere korleis ein skal sikre at krav i forvaltningslova og prinsippa om god forvaltningsskikk blir følgt ved tildeling av midlar til søknadar som er komne inn utanom opne søknadsrunder
5. Utarbeide system for å sikre at avdelingar på tvers kan ha oversikt over kva tilskotsmottakarar som har søkt og fått midlar frå ulike ordningar, samt utarbeide rutinar for samhandling og koordinering på tvers av avdelingar
6. Utarbeide felles rettleiing og legge til rette for erfaringsdeling på tvers av avdelingar knytt til vurderingar opp mot statsstøtteregelverket
7. Utarbeide felles rettleiing og rutinar for habilitetsvurderingar som inneheld omtale av
  - a. at habilitet skal vurderast for kvar enkelt søknad og at vurderinga skal dokumenterast sjølv om det ikkje blir identifisert inhabilitet
  - b. kva forhold/relasjonar som kan medføre inhabilitet
  - c. korleis søknadar skal handsamast ved identifisert inhabilitet, inkludert problemstillingar knytt til konkurranseaspektet ved vurderingar av andre søknadar ved identifisert inhabilitet knytt til ein av søknadane
8. Sikre at manglande rapportering frå tilskotsmottakarar blir følgt opp
9. Gjennomføre risikovurderingar knytt til behov for nærare oppfølging av tilskotsmottakarar
10. Gjennomføre stikkprøver eller andre kontrolltiltak for å sikre at skriftlege rutinar blir etterlevd i praksis
11. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen to gonger i 2022, to gonger i 2023 og to gonger i 2024. I møte 11.11.2024 vart det gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesdirektør til orientering.
2. Utvalet takkar for godt oppfølgingsarbeid etter førre rapportering, og seier seg ferdig med generelle statusrapporteringar etter forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltning.
3. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt felles retningslinjer og sjekklister for statsstøttevurderingar til orientering, jmf. pkt. 6 i handlingsplanen, når dei ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om korvidt målsettinga om å bygga ein felles tilskotsportal for stat, fylkeskommunar og kommunar, jmf. pkt. 5 i handlingsplanen, lukkast.
5. Dersom felles tilskotsportal for tre forvaltningsnivå kjem på plass, ønskjer utvalet å bli orientert om Vestland fylkeskommune vil ta denne i bruk, og når det skal iverksettast.
6. Dersom Vestland fylkeskommune ikkje vil nytta seg av ein felles tilskotsportal for fleire forvaltningsnivå, ønskjer kontrollutvalet informasjon om korleis system og samhandling på tvers av avdelingar då skal ivaretakast i Vestland fylkeskommune.

### 13.5. Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene

Kontrollutvalet vedtok i møte 10.05.2021 å gjennomføre eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 16.12.2021 der vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesordførar i samråd med fylkesdirektør syta for å:

1. Sikre at eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene blir utarbeidd som planlagt.
2. Drøfte føremålet med eigarskapa i arbeidsmarknadsbedriftene i samband med utarbeiding og handsaming av eigarstrategien, slik at det er tydeleg kva som er bakgrunnen for og intensjonen med eigarskapa.
3. Utarbeide ein felles eigarskapsstrategi med dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedriftene.
4. Sikre at arbeidsmarknadsbedriftene får informasjon om dei krav og føringar som fylkeskommunen har til sine eigarskap.
5. Etablere rutinar for å kontrollere at krav og føringar som fylkeskommunen har til selskapa blir følgt opp.
6. Evaluere prosessane knytt til nominasjon og styreval, for å sikre at desse blir opplevd som tydelege og ryddige av dei involverte,
7. Etablere rutinar for å gjennomføre jamlege eigarmøte
8. Sikre at nominering og val til styreverv er basert på kompetanse og eignaheit, og at grunngjeving for nominasjonar blir skriftleggjort
9. Sikre at styra følgjer opp sentrale tilrådingar frå KS, inkludert at:
  - a. bruk av valkomité blir vedtektsfesta.
  - b. det blir utarbeidd retningslinjer som regulerer valkomitéane sitt arbeid
  - c. alle styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister
  - d. styra vurderer numeriske vararepresentantar
  - e. styra gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eget arbeid og eigen kompetanse
  - f. styra – der eigenevaluering avdekkjer slikt behov – gjennomfører opplæring i styrearbeid
  - g. styra sikrar at instruks for dagleg leiar er oppdatert og dekkande
  - h. det blir utarbeidd styreinstruks
  - i. det blir etablert plan for styrearbeid
  - j. det blir gjennomført ein årleg gjennomgang av selskapa sine viktigaste risikoområder
10. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har følgd opp denne eigarskapskontrollen to gonger i 2022, ein gong i 2023, og ein gong i 2024, i møte 02.09.2024, der det vart gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen er komme noko lenger med betringsarbeidet etter eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene når det gjeld dei gjenstående punkta sidan sist rapportering, men at det framleis er noko arbeid som står att.
2. Kontrollutvalet ber om at fylkesdirektøren kjem med ny skriftleg status for oppfølging av punkta 3, 6 og 9 av eigarskapskontrollen til møte i kontrollutvalet 10.03.2025.
3. Kontrollutvalet ber fylkesdirektør ha med ei vurdering av kva som skal til for å slutføre eventuelt gjenstående oppfølgingsarbeid ved rapporteringstidspunkt.
4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 17.02.2025.

### **13.6. Styring og kontroll med investeringsprosjekt**

Kontrollutvalet vedtok i møte 21.03.2022 å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan styring og kontroll med ivesteringsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 14.03.2023 der vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan styring av investeringsprosjekt i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. Sikre at dei seksjonane der manglar i system og rutinar er avdekt, utarbeider, vidareutviklar, skriftleggjer og/eller avklarar:
  - a. Rutinar for risikoanalyse knytt til økonomi, framdrift og kvalitet i prosjekt.
  - b. Rutinar for kvalitetssikring av sentrale prosjektaktivitetar og nøkkelarbeid-/dokument.
  - c. Strategiar og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, inkludert val av kontrakts-/entrepriseform.
  - d. Rutinar for å kvalitetssikre anbudsgrunnlag og kravspesifikasjonar som blir nytta i anskaffingar.
  - e. Rutinar for kontraktsoppfølging som også spesifiserer ansvar for gjennomføring av oppfølginga.
  - f. Rutinar som skildrar meir detaljert korleis endringar og avvik skal vurderast og handterast.
  - g. Rutinar for rapportering frå investeringsprosjekt, som angir tydelege krav til innhald og rapporteringsfrekvens.
  - h. Rutinar for evaluering av gjennomførte investeringsprosjekt.
  - i. Rutinar for å kontrollere at etablerte retningslinjer, rutinar og malar for gjennomføring av sentrale aktivitetar blir nytta i prosjekta.
2. Vurdere å arbeide meir systematisk med identifisering og realisering av gevinstar på tvers av ulike prosjekt innan dei investeringsområda der dette per i dag i mindre grad blir gjort (bygg og IKT/digitalisering).
3. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.06.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen ein gong i 2023 og to gonger i 2024, sist i møte 07.10.2024, der det vart gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet tar status frå fylkesdirektør for oppfølging når det gjeld «Forvaltningsrevisjon innan styring av investeringsprosjekt» så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om samla og samordna status på handlingsplanane etter denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 10.02.2025.
3. Formålet med orienteringa er for at kontrollutvalet kan få greie på kva arbeid ein kan forvente ein sluttdato på, kva arbeid som er kontinuerleg, og om det er rutinar, metodar og verktøy

som er på plass, men som fylkesdirektør sjølv vurderer må reviderast eller oppdaterast. Det er ikkje naudsynt med ei detaljert orientering om rutinar, prosessverktøy, osb.

4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 20.01.2025.

Sjå også kap. 13.9 Satsing på digitalisering.

## 13.7. Fylkesvegforvaltninga

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bestilte i mai 2021 frå Deloitte forvaltningsrevisjon av fylkesvegforvaltninga i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 28.09.2022 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. Utarbeide ein plan for ei strukturert evaluering og rapportering på dei viktigaste tiltaka som er presentert i Regional Transportplan (RTP), Handlingsprogram og Drifts- og vedlikehaldsstrategi.
2. Sette i verk tiltak for å sikre meir realistiske framdriftsplanar og betre prognosar for gjennomføring av utbyggings-, oppgraderings- og vedlikehaldsprosjekt
3. Gjennomføre risikovurderingar for kvart arbeidsområde for å sikre:
  - a.at ein har retningslinjer og prosedyrar for dei vesentlege arbeidsprosessane
  - b.at ein kontrollerer etterleving av rutinar som er identifisert som særleg viktige
4. Gjennomgå eksisterande retningslinjer og prosedyrar innan alle områda for å sikre at dei følgjer ein mal for kva som skal dekkast av desse dokumenta (til dømes målgruppe), at rutiane er dekkande og at referansar m.m. er oppdatert og fullstendige.
5. Etablere eit system for å undersøke etterleving av retningslinjer og prosedyrar:
  - a.Gjennom å legge inn kontrollar i rutiane
  - b.Gjennom å etablere og følge opp eit system for stikkprøver/etterkontrollar
6. Etablere rutinar og sikre god praksis for evaluering, erfaringsføring og læring i etterkant av prosjekt, som ein del av målet om kontinuerleg forbetring og utvikling.
7. Gjennomføre ny ROS-analyse og oppdatere beredskapsplanen for infrastruktur og veg når ROS-analysen er gjennomført.
8. Etablere tydeleg ansvar og fristar knytt til utarbeiding av temaplanar for beredskap i samsvar med overordna beredskapsplan og risikoanalysar (t.d. utsette strekningar, bru, ferjekai, mindre tunellar).
9. Sørge for at risikoanalysar og beredskapsplanar (inkludert plan for øvingar) for tunellar som er omfatta av tunellsikkerheitsforskrifta er i samsvar med regelverket
10. Utarbeide bemannings- og kompetanseplan som omfattar alle seksjonane.
11. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne revisjonen har vore følgd opp to gonger i 2023 og ein gong i 2024, seinast i møte 11.06.2024 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen på overordna nivå er ferdig med oppfølginga av forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga.
2. Jf. punkt 7 og 8 i handlingsplanen ber kontrollutvalet om skriftleg orientering om status på arbeidet med ROS-analysar på utvalde ferjekaiar og bruer til første møte i kontrollutvalet i 2025, og om skriftleg orientering om status på arbeidet med beredskapsplanar til første møte i kontrollutvalet i 2026.

3. Orienteringane vert å sende sekretariatet høvesvis innan 20. januar 2025 og 19. januar 2026.

## 13.8. Kvalitet i opplæringa

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bestilte i mai 2020 frå Deloitte forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 16.03.2022 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for:

1. At det pågåande arbeidet med implementering av system for oversikt av kompetanse og kompetansebehov blir prioritert og ferdigstilt.
2. Å vurdere moglege tiltak for å redusere utfordringar med rekruttering av lærarar ved ein del skular/innanfor enkelte fagområde.
3. Å kartlegge i kva grad skulane har utfordringar med å sikre naudsynt kompetanse knytt til spesialundervisning, og set i verk tiltak ved behov.
4. Å sikre at det framover blir retta merksemd mot vidare utvikling av den digitale kompetansen på skulane.
5. At skulane tar i bruk verktøy som kan gi oversikt over omfang og utvikling når det gjeld vikarbruk og lærarause timar, og at det også blir utarbeidd oversikter som er eigna til å identifisere eventuelle variasjonar mellom skulane.
6. Å sørge for at vikarane i størst mogleg grad har relevant fagkompetanse og pedagogisk kompetanse, og sikrar at løysingar der assistentar gjennomfører spesialundervisning som skulle vore gjennomført av pedagogar berre blir nytta i avgrensa grad og i tilfelle der dette er vurdert å vere forsvarleg og til elevens beste.
7. Å sørge for tiltak for å redusere omfanget av lærarause timar.
8. Å sikre auka systematikk og føreseielegheit i arbeidet med å identifisere sårbare elevar under covid-19-pandemien og eventuelle andre kriser mm. Under dette tydelege roller og ansvar, klargjering av forventningar til prosessar og aktivitetar, samt auka merksemd mot å identifisere elevar med nye sårbarheiter.
9. Å gjere ei overordna kartlegging av IOPar (Individuell opplæringsplan) og årsrapportar for elevar med vedtak om spesialundervisning, for å få informasjon om i kva grad og i kva omfang det er vurdert at elevar har hatt manglande læringsutbytte som følgje av covid-19-pandemien.
10. Å sikre at det blir gjort sakkunnige vurderingar av ev. behov for spesialundervisning i alle tilfelle der elevar blir vurdert å ha så store tilretteleggingsbehov at det er sannsynleg at dei ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
11. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.06.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
12. Fylkestinget ber også om at handlingsplanen vert lagt fram for Hovudutval for opplæring og kompetanse som ei referatsak.

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen ein gong i 2022, to gonger i 2023 og to gonger i 2024, seinast møte 02.09.2024 der det vart gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet tar siste statusrapport frå fylkesdirektør når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa til orientering.
2. Kontrollutvalet takkar for vel gjennomført oppfølgingsarbeid og lukkar med dette saka.

## 13.9. Satsing på digitalisering

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bestilte i mars 2022 frå Deloitte forvaltningsrevisjon av «Satsing på digitalisering i Vestland fylkeskommune». Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 14.06.2023 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. Sikre at strategi knytt til digitalisering
  - a) har tydelege målsettingar for heile fylkeskommunen,
  - b) omfattar planar og mål som skal sikre at organisasjonen gjennomfører ønska digital transformasjon (til dømes leiing, kultur, teknologiutvikling og kompetanse).
  - c) er tilstrekkeleg forankra i toppleiinga,
  - d) er tilstrekkeleg kjend i organisasjonen.
2. Sikre tilstrekkeleg samhandling og kommunikasjon mellom fylkeskommunen sentralt (ved IDI) og avdelingar, einingar mv. i organisasjonen når det gjeld digitaliseringsarbeid (inkludert innspel og erfaringar frå tilsette). Under dette:
  - a) Sikre at det er etablert tydelege retningslinjer for rollar og tiltak som skal bidra til kommunikasjon og samhandling i digitaliseringsarbeidet (t.d. kontaktpersonar).
  - b) Sikre at tiltaka som skal bidra til kommunikasjon og samhandling er tilgjengeleg for alle tilsette og gjort tilstrekkeleg kjend i organisasjonen.
3. Sikre at etablerte system og rutinar for gjennomføring av digitaliseringsprosjekt blir tatt i bruk (for å m.a. sikre tydeleggjering og etterleving av budsjett og frist).
4. Sikre at det blir gjennomført jamnleg kartlegging av kva digital kompetanse som finst i organisasjonen.
5. Undersøke i kva grad det er etablert tilstrekkeleg rutinar i avdelingane og tenestene som sikrar at tilsette kjenner til og gjennomfører nødvendig opplæring i system og digitale retningslinjer.
6. Sikre at Vestland fylkeskommune utnyttar potensialet i felles løysing som er disponibel i nasjonale fellesløysingar, til dømes dei løysingar som er lagt ut i regi av Digitaliseringsdirektoratet.
7. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet behandla handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over i møte 16.10.2023 der det vart gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet tar handlingsplan frå fylkesdirektør når det gjeld «Forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering» så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at fylkesdirektør kjem med ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 11.03.2024
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.02.2024.
4. Vidare oppfølging kan skje etter ein felles handlingsplan med «Forvaltningsrevisjon av styring av investeringsprosjekt», men likevel slik at det går klart fram kva oppfølging som gjeld på dei einskilde punkta i høve begge dei opphavlege handlingsplanane.

Det viste seg å ikkje vere enkelt å gi oppfølging gjennom felles handlingsplan, men handlingsplanen etter denne forvaltningsrevisjonen var relativt raskt gjennomført. Kontrollutvalet hadde oppfølging av handlingsplanen i to møte i 2024, seinast 11.11.2024, der det vart fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar siste status frå fylkesdirektør for oppfølging av «Forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering» til orientering.
2. Kontrollutvalet oppfatar at det attståande arbeidet i hovudsak er av kontinuerleg og/eller dynamisk karakter, og at dette arbeidet synast å vere godt ivareteke av fylkesdirektør og avdeling for IKT og digitalisering. Kontrollutvalet lukkar med dette saka.
3. Kontrollutvalet takkar fylkesdirektør for godt utført oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjonen og ønsker lykke til vidare med det viktige digitaliseringsarbeidet.

## 14. Andre saker

### 14.1. Tilpassing til ny personvernlov

Fylkesdirektør har ved fleire høve i 2019 orientert kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om status i høve arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Vidare har kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune fått orientering om same sak 2 gonger i 2020, 2 gonger i 2021, 2 gonger i 2022 og 2 gonger i 2023. Kontrollutvalet handsama status i høve etterleving av personvernregelverket sist i møte 11.03.2024 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at fylkesdirektør har gjort mykje godt arbeid for å sikre etterleving av personvernregelverket i Vestland fylkeskommune dei siste åra, inkludert at bemanninga på området er vorte styrka.
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølginga av etterleving av personvernregelverket, avsluttar saka og ønske lukke til vidare i dette arbeidet.

### 14.2. Etikk og misleg framferd

I møte i kontrollutvalet 13.05.2024 orienterte fylkesdirektør ved avdelingsdirektør organisasjon og økonomi om status for etikk og misleg framferd i Vestland fylkeskommune, der det mellom anna blei orientert om at det ikkje var avdekkja nokre tilfelle i 2023 om misleg framferd. Det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### 14.3. Habilitet i sakshandsaming og utgreiingsarbeid i Vestland fylkeskommune

I møte i kontrollutvalet 13.05.2024 orienterte fylkesdirektør om sitt syn på ei henvending kontrollutvalet hadde motteke knytt til habilitet i sakshandsamingar og utgreiingsarbeid, med utgangspunkt i ei sak om tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektør tilbydde å kome tilbake med skriftleg orientering med juridisk seksjon sine vurderingar.

Kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesdirektør til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektøren kome tilbake til kontrollutvalet sitt møte 2. september 2024 og munnleg og skriftleg orientere om korleis undersøkingar/granskning av varslings saker blir vurdert på grunnlag av Advokatforeninga sine retningslinjer for private granskningar når det vert nytta internadvokat.
3. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 12.08.2024.

I samråd med sekretariatet, valte fungerande utvalsleiar å utsetje saka til utvalsleiar kunne ta del i handsaminga av orienteringa.

Kontrollutvalet handsama saka på nytt i møte 07.10.2024. Det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesdirektør til orientering og seier seg ferdig med saka.

### 14.4. Avvik, økonomi, habilitet og rolleavklaringar i arkivordninga

Frå gjennomgang av møteprotokoll frå fylkesutvalet blei følgjande protokollert frå kontrollutvalet sitt møte 11.06.2024:

Utvalsleiar Dan Femoen (H) viste til sak PS 150/24 i fylkesutvalet 05.06.24 som handla om organisering av arkiv i fylkeskommunen og kommunearkivordninga, der saksbehandlar i saka

både er dagleg leiar for kommunearkivordninga og seksjonssjef i seksjon arkiv i fylkeskommunen.

Arkivverket har tidlegare gitt fylkeskommunen sterk kritikk etter tilsynet, som er mangelfullt fulgt opp. Det verkar også som om budsjetta ikkje har blitt justert over åra.

Det framstår som om det framleis er uklarheiter når det gjeld habilitet og rolleavklaringer etter eit vedtak frå juni 2023. Utvalsleiar ønskjer ei nærare orientering om desse problemstillingane frå fylkesdirektør i møtet i september 2024.

Det er på bakgrunn av dette ønskjeleg at sekretariatet lagar ei saksutgreiing knytt til avvik, økonomi, habilitet og rolleavklaringar på bakgrunn av sak "Oppfølging av arkivtilsyn i Hordaland fylkeskommune 2018" til neste møte. Det er også ønskjeleg at fylkesdirektør svarer dette ut skriftleg i tillegg til å komme i møte den 02.09.2024 for å orientere munnleg om saka. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

I møte 02.09.2024 fekk kontrollutvalet orientering frå fylkesdirektør, ved direktør kultur og folkehelse. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om avvik, økonomi, habilitet og rolleavklaringar i arkivordninga til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektør kome i møte 10.02.2025 for å orientere om status på oppfølginga av fylkestinget sitt vedtak punkt 2 i sak PS 23/54, og om status på arbeidet med å opprette kommunearkivordninga som eit vertskommunesamarbeid.
3. Kontrollutvalet ber om å få belyst dei økonomiske konsekvensane av organiseringa, og få lagt fram dei avtalar som ligg til grunn for arkivordninga.

## 14.5. Oppfølging av tilsynsrapport retten til spesialundervisning

I møte 11.03.2024 fekk kontrollutvalet orientering frå fylkesdirektør om spesialundervisning for elevar i vidaregåande skular. Saka kom opp på bakgrunn av innslag i NRK Vestlandsrevyen 20.02.2024 gjeldande tilbod om spesialundervisning for elevar med autisme og ADHD, og eit ønske frå utvalsleiar å få orientering om rutinane som ligg til grunn for å innvilge spesialundervisning til elevar med spesielle behov, inkludert orientering om saka til eleven som var omtala i NRK Vestlandsrevyen. På grunn av at orienteringa innehaldt personopplysningar som er unnateke offentleggjering, jf. forvl. § 13, vart deler av handsaminga av saka lukka med heimel i kommunelova § 11-5.

Kontrollutvalet gjorde slik vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Til kontrollutvalet sitt møte 11.06.2024 fekk kontrollutvalet som referatsak ein tilsynsrapport om fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre retten til spesialundervisning. Kontrollutvalet vedtok følgjande:

Kontrollutvalet ber fylkesdirektør kome i møte 02.09.2024 for å gjera greie for kva som er gjort/vil verta gjort for å følgje opp pålegga som kom fram i tilsynsrapporten fra tilsyn med "Fylkeskommune sitt arbeid for å sikre retten til spesialundervisning".

I møte 02.09.2024 orienterte fylkesdirektør, ved leiar for kvalitetstrygging i avdeling for opplæring og kompetanse, om oppfølginga av tilsynet, og viste til at tilsynet blei lukka i juni.

Kontrollutvalet gjorde slik vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om fylkeskommunen sine rettetiltak til orientering.
2. Kontrollutvalet vil påpeike viktigheita av gjennomføringa av nemnde rettetiltak, ser viktigheita av denne elevoppfølginga, og vil ta med seg dette ved eventuell framtidig bestilling av forvaltningsrevisjon.

## **14.6. Oppfølging etter forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2023**

Kontrollutvalet handsama uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga i møte 02.09.2024. Revisor hadde kontrollert «etterleving av kommunelova sine reglar om intern kontroll, herunder om kommunen har naudsynte prosedyrar og rutinar knytt til handtering av pensjonsopplysningar, jamfør kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b)».

Revisor hadde konkludert som følgjer:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta beviser vi blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Vestland fylkeskommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmingane i kommunelova § 25-1, 3.ledd bokstav b) knytt til handtering av pensjonsopplysningar».

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektør orientere kontrollutvalet i møte 07.10.2024 om kva som vil bli gjort i samband med oppfølging av revisor sin konklusjon i uttalen.

Kontrollutvalet fekk orientering frå fylkesdirektør, ved direktør organisasjon og økonomi, i møte 07.10.2024. Frå møtet vart mellom anna følgjande protokollert:

Det blei rapportert at fylkeskommunen heile tida har hatt rutinar for pensjonsrapportering på plass, men at det har vore problemar for systemleverandøren å konvertere filar ved overgang til ny leverandør.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek fylkesdirektør si oppfølging av uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga til orientering.

## **14.7. Skulebas – Risikovurdering av forhold knytt til organisering, planlegging, bygging, drift og ombygging**

Under eventuelt i kontrollutvalet sitt møte 02.09.2024 blei mellom anna følgjande protokollert:

Kontrollsjef orienterte om besøk under ombygginga av Skulebas, der det hadde vore utfordringar ved ombygginga til hydrogendrift og drift, og spurte om kontrollutvalet ønskjer å be fylkesdirektør å kome og orientere om ombygginga? Hogne Bleie (FrP) ønsker eiga sak om Skulebas i oktobermøtet, og vil bidra med grunnlag for saka i korrespondanse med sekretariatet.

Til dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet setje opp ei eiga sak om bygging, ombygging og drift av Skulebas i møtet 07.10.2024, og ber om at fylkesdirektør stiller i møtet for å kunne svare på spørsmål under sakshandsaminga.

I kontrollutvalet sitt møte 07.10.2024 blei det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønsker å få vurdert grunnlag eller behov for ei undersøking eller gransking rundt organisering, planlegging, bygging, drift og ombygging av MS Skulebas. Kontrollutvalet ønsker seg svar på spørsmåla som ligg til grunn for saka, samt om på kva grunnlag og på kva nivå det er fatta vedtak om hydrogendrift på fartøyet.
2. Deloitte vert beden om å starte ei forundersøking og utarbeide ein prosjektplan for vidare undersøkingar av spørsmåla i saka.

3. Deloitte vert beden i arbeidet med prosjektplanen å utarbeide ein risiko- og vesentleganalyse, og i forundersøkinga ta med seg spørsmåla i saka inn i dialog med fylkesdirektør.
4. Prosjektplanen vert å levera sekretariatet innan 25.11.2024.
5. Deloitte vert beden orientere munnleg om status i arbeidet i kontrollutvalet sitt møte 11.11.2024.
6. Det vert sett av inntil 60 timar for forundersøkinga, risiko- og vesentleganalysen og prosjektplanen.

Etter at innkallinga til møte 16.12.2024 vart sendt ut, mottok revisor brev frå mannskapet på Skulebas, som revisor orienterte om ved framlegginga av sin rapport.

Følgjande blei mellom anna protokollert:

Kontrollutvalet hadde ein lengre diskusjon rundt rapporten og innkomne brev frå mannskapet. Mellom anna diskuterte utvalet:

- involvering av brukarar i forundersøkinga
- sikkerheit for mannskap og elevar
- forsikring, klassifisering og framtidig godkjenning
- adm. vedtak om hydrogen når det er gjort vedtak basert på eit saksframlegg som har definert hybrid drift som: "Fartøy med hybrid drift har ein el-motor som drivline og dieselgeneratorar som gjev straum til el-motoren eller kan nyttast til å lada batteripakken på lengre turar. Batteripakken ladast normalt med landstraum. Slike løysingar er i dag vanlege på nye fiskefartøy og utviklinga gjer at dette vil kunne realiserast rimelegare enn tidlegare berekna." (saksframlegg til fylkestinget 15.12.2020).
- vidare mogleg saksgang, anten med oversending av forundersøkinga til fylkestinget slik at fylkestinget kan få høve til å ta saka opp att til politisk handsaming, eller med ei bestilling av ein prosjektplan frå Deloitte for vidare undersøkingar.

Sekretariatet orienterte om innstillinga og om korleis det såg føre seg vidare saksgang. Mellom anna viste sekretariatet til at kontrollutvalet må hente inn fylkesdirektør sin uttale til rapporten før kontrollutvalet kan fatte vedtak om den dersom det ønsker å sende rapporten til fylkestinget. Revisor gav si vurdering av ekstra arbeidsmengde.

Kontrollutvalet fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber revisor følgje opp brev frå mannskap og innspel frå kontrollutvalet i møte 16.12.2024, og innarbeide si vurdering av dette i rapporten.
2. Kontrollutvalet ber revisor sende ny rapport om risikovurdering av forhold knytt til organisering, planlegging, bygging, drift, og særskilt ombygging til hydrogendrift av MS Skulebas til fylkesdirektør for å gi fylkesdirektør høve til høyringsuttale, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten før vidare saksgang.
3. Revisor gis ti timar ekstra til arbeidet.
4. Ny rapport, med fylkesdirektør sin høyringsuttale innarbeidd, vert å sende sekretariatet innan 18.02.2025.
5. Kontrollutvalet flytter sitt møte 10.03.2025 til 03.03.2025.

## 14.9. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2024

- Fylkesdirektøren orienterte munnleg eller skriftleg m.a. om:
  - Arbeidet for å styrke sjåfør-tryggleik i Skyss
  - Passasjertryggleik på kollektivtransport og kollektivknutepunkt
  - Støy på ferjedeck og ivaretaking av HMT for mannskap og dyrevelferd ved transport av dyr
  - Kva krav ferjeoperatørar har til å stille med alternativ transport
  - Gjennomføring og oppfølging av konkurranse om ruteproduksjon i Florøbassenget
  - Organiseringa av spesialundervisning ved alle dei vidaregåande skulane
  - Tariffavtalekrav ved anskaffingar
  - Rekneskapsresultatet så langt i 2024, budsjett 2025, økonomiplan 2025-2028
  - Fylkesdirektør sitt syn på brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet «Vestland fylkeskommune - gjennomgang av årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027»
  - Status på oppfølging av revisjonsrapport nr. 8 i samband med årsrekneskapen for 2023
  - IKT-sikkerheit og beredskap
  - Oppfølging av tilsyn med internkontrollsystem for miljøretta helsevern – vidaregåande skular
- Forslag til kurs i regi av Deloitte
- Uttale frå kontrollutvalet til prosjektrekneskap for fv. 5236 Bjorøytunnelen
- Årsmelding for 2023 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune
- Rekneskapsresultat for kontrollutvalet i løpet av året
- Budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2025
- Møteplan for 2025
- Kontrollutvalet sitt arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen
- Oppstart av prosess med rekruttering av ny kontrollsjef
- Ei rekkje referatsaker, blant desse:
  - Behandling av henvendingar til kontrollutvalet
  - Rettstvistar i Vestland fylkeskommune
  - Tilsynsrapportar frå Arbeidstilsynet
  - Vedtak og protokollering frå årsmøte i Valen Kraftverk AS
  - Årsmelding frå elev- og lærlingombodet
  - Årsmelding for varslingsutvalet

Bergen, 03.03.2025

Dan Femoen  
Kontrollutvalsleiar Vestland fylkeskommune

**Vestland**  
**Fylkeskommune**

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Vestland fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger

telefon: 05557

e-post: [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no)  
e-post: [kjartan.haugnes@vlfk.no](mailto:kjartan.haugnes@vlfk.no)  
e-post: [helge.johansen@vlfk.no](mailto:helge.johansen@vlfk.no)  
e-post: [stian.skar.ludvigsen@vlfk.no](mailto:stian.skar.ludvigsen@vlfk.no)  
e-post: [enar.kare.ulla@vlfk.no](mailto:enar.kare.ulla@vlfk.no)  
e-post: [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no)